



VANYLVEN KOMMUNE

Ordføraren

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112, Dep

0032 OSLO

<i>Saksnr</i>	<i>Løpenr/Arkiv</i>	<i>Dykkar ref.</i>	<i>Avd/Saksansvarleg</i>	<i>Dato</i>
2014/367	3387/2014 / 151		RÅD / TAKHAL	17.06.2014

Høyring om lovframlegg om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar før iverksetjing av kommunereforma

Vanylven kommunestyret har i kommunestyret den 17. juni 2014 gitt støtte til ei uttale mot forslag om statleg godkjenning av kommunale låneopptak og leigeavtalar.

Saksopplysningar:

I samband med framlegginga av kommuneproposisjonen for 2015 har Kommunal- og moderniseringsdepartementet sendt på høyring ei lovendring som har til hensikt å styrke statleg kontroll med kommunane sine økonomiske disposisjonar i samband med kommunereforma. Formålet med forslaget er ”å sikre at kommunane ikkje gjennomfører uheldige økonomiske disposisjonar og strategiske disposisjonar før kommunereforma vert gjennomført”. Departementet argumenterer med at dei vil unngå at enkeltkommunar utifrå strategiske vurderingar gjer vedtak som vil binde ei ny større kommune på ein uheldig måte. Til dømes meiner departementet at bygging eller å inngå avtalar om langtidsleige av lokale vil kunne innsnevre mulige inndelingsalternativ i ein kommunesamanslåingsprosess og dermed svekke handlefridomen til dei samanslåtte kommunane. Departementet ynskjer at auka låneopptak samt uheldige lokaliseringvedtak i forkant av reforma ikkje skal gjere drifta av den nye kommunen vanskelegare.

Forslaget inneber at låneopptak og langsiktige leigeavtalar som skal gjennomførast i 2015, 2016 og 2017 skal godkjennast av fylkesmannen. Formelt sett gjeld lovendringa frå 14. mai 2014 slik at nye langsiktige leigeavtalar må godkjennast av fylkesmannen frå dags dato. Låneopptaka skal først godkjennast frå 2015.

Departementet er tydeleg på at kravet om godkjenning kun er meint å hindre strategiske tilpassingar før kommunereforma. Det vert presisert at hensikta ikkje er å avgrense sjølvve investeringsnivået i seg sjølv. I høyringsbrevet frå departementet står det: ” Dersom ein kommune er i økonomisk balanse, skal fylkesmannen ikkje nekte eit lån utifrå ei rein økonomisk vurdering.

Regjeringa si grunngeving for lovendringa er å sikre samanslåtte kommunar best mulig vilkår for drift og utvikling etter at kommunereforma er gjennomført. Det vert vist til at før staten overtok sjukehusa vart det gjort mange ”strategiske tilpassingar” i den sektoren. Slike tilpassingar ynskjer ein no å unngå.

Postadresse:
Rådhuset
6143 FISKÅ

postmottak@vanylven.kommune.no
Telefon:
70030000

Telefaks:
70030009

<http://www.vanylven.kommune.no>
Org.nr
964 978 662

Bankgiro:
3972 07 00151

Også ved gjennomføring av kommunereforma i Danmark for nokre år sidan, vart det tatt eit liknande grep for å unngå strategiske tilpasningar før det vart gjennomført kommunesamanslåingar.

Vurderingar:

Forslaget til ei slik lovendring inneber ei rimeleg stort inngrep i det kommunale sjølvstyret. Dette er i seg sjølv eit prinsipielt ankepunkt mot forslaget til lovendring.

Departementet føreset at fylkesmannen skal ha ansvaret for å godkjenne dei kommunale vedtaka. Forslaget inneber såleis på mange måtar same begrensingane som det å vere i Robek-registeret ved at kommunane ikkje lenger vil kunne ta sjølvstendige beslutningar som gjeld låneopptak og å inngå langsiktige leigeavtalar.

Med den vide grunngevinga som departementet har gitt for lovforslaget betyr dette at fylkesmennene vil måtte utøve eit betydeleg skjøn. Kva som vert oppfatta som "strategiske tilpassingar" vil kunne variere frå fylke til fylke. Det er grunn til å frykte ulik tolking og praktisering av regelverket slik at det vert ulik skjønsetøving.

Forslaget kan også skape mistillit mellom kommunar som er i ein positiv prosess med omsyn til samanslåing. Slik grunngevinga er, kan kommunar krevje at planlagde investeringar i nabokommunar vert stoppa inntil spørsmålet om kommunesamanslåing er gjennomført. Slike saker kan skape eller forsterke motsetnader mellom nabokommunar som er i ein samanslåingsprosess.

For vår kommune vil truleg lovendringa få liten betydning. Administrasjonen kan ikkje sjå at det verken i økonomiplanen eller i andre politiske vedtak ligg prosjekt som kan kome under omgrepet "strategiske tilpassingar". For lån til investeringar som gjeld VAR samt mindre standardhevande tiltak på kommunale anlegg bør vere kurante å få godkjent. Heller ikkje ei eventuell bygging av bustadar til flyktningar bør vere problematisk å få lånefinansiert eller få godkjent ei langsiktig leigeavtale for.

Uttale frå Vanylven kommune:

Vanylven kommune går mot Kommunal- og Moderniseringsdepartementet sitt forslag til endring av kommunelova sin § 60 nr 6. Kommunen ser på forslaget som eit unødvendig stort inngrep i det kommunale sjølvstyret og dermed ei sterk svekking av lokaldemokratiet.

Kommunen ser behovet for å unngå at det vert gjennomført det departementet kallar "strategiske tilpassingar" i forkant av kommunesamanslåingar. Ein fryktar likevel at med den vide grunngevinga som departementet har gitt, vil dette kunne gje rom for betydeleg skjøn og dermed fare for ulik tolking og ulik praksis frå fylke til fylke.

Med helsing


 Jan Helgøy
 ordførar

